



## ÅRSMELDING ÅR 2014

### **OPPLÆRINGSKONTORET**

Opplæringskontoret for Nordhordland er ein medlemsorganisasjon for opplæringsverksemder i Nordhordland. Kontorstad er plassert i Knarvik i Lindås kommune.

Hovudoppgåva til Opplæringskontoret er å koordinera og gjennomføra tiltak innan fagopplæring i samsvar med Opplæringslova. Sentrale samarbeidspartar utover medlemsverksemdene er bl.a.; Knarvik vidaregåande skule, Austrheim vidaregåande skule, Hordaland fylkeskommune hovudsakleg ved Fagopplæringskontoret og Opplæringsavdelinga, Region Nordhordland, Nordhordland Handverk- og Industrilag (NHIL) og LO Nordhordland.

### **MEDLEMSBEDRIFTER:**

Ved utgangen av år 2014 hadde Opplæringskontoret 91 medlemsverksemder. Nye medlemmar i 2014 er: JLM Bygg AS, Knarvik Bygg AS, Ulvatn bygg og eigedom AS, Stusdal VVS AS, Kafedrift AS, Borlaug & Brosvik Transport AS, Salong Evita AS, VMS-Safeport AS, Deep Sea Mooring AS og Hole VVS. Ajourført medlemsliste ligg ved årsmeldinga.

### **STYRET:**

Styret for Opplæringskontoret i Nordhordland er samansett i tråd med gjeldande vedtekter og består av 3 representantar frå medlemsbedriftene, ein representant frå vidaregåande skule, ein representant frå NHIL og ein representant frå LO Nordhordland:

#### Styremedlemmar:

Nils Arne Træland (Lindås VVS Nils Træland) Styreleiar  
Konrad Risnes (Risnes Elektro) nestleiar  
May Eva Sandvik (Lindås kommune)  
Bente Kleiven (NHIL)  
Kjersti Haugland, Rektor på Austrheim vidaregåande skule  
Silje Nilsen, Leiar i LO Nordhordland

#### Personleg vararepresentantar :

Terje Seim (Seim Bygg AS) vara for Nils Arne Træland

Sigurd Vabø (YIT, avd. Mongstad), vara for Konrad Risnes  
Dagrun Gunnarson (Fedje kommune), vara for May Eva Sandvik  
Øyvind H. Oddekalv (Knarvik vgs), vara for Kjersti Haugland  
Thormod Bendiksen (nestleiar LO Nordhordland), vara for Silje Nilsen  
Eva Karin Klausen (NHIL), vara for Bente Kleiven

I valnemnda sit: Eirik Eknes (Eknes karosseri), Wenche Myrmel (Austrheim kommune) og Geir Kleppe (Nordhordland elektro).

### **ØKONOMI/FORTSATT DRIFT:**

Totalt har Opplæringskontoret eit overskott på vel 4,7 mill. i 2014, noko høgare enn budsjettet. Styret tilrår å setja av 4 millionar til utbetaling til bedriftene. Dette samsvarar med rammebudsjettet for 2014, som vart lagt fram på siste årsmøte. Resterande overskott pålydande kr. 704.156,- vil me tilrå avsett som buffer. Me får ekstrakostnadar for 2015 knytta til flytting og markeringa av 20-årsjubileet for Opplæringskontoret. Så denne bufferen, vil truleg komma vel med.

Årsrekneskapen syner ei oversikt over utvikling og resultat for verksemda ved årsskiftet. Ved oppsett av årsrekneskapen føreset styret vidare drift. Og stadfestar med underskrift at dei ikkje kjenner til andre tilhøve som kan påverka resultatet.

### **AKTIVITET ÅR 2014:**

#### **Styremøte:**

Det har vore gjennomført seks styremøte i 2014, fem førehandsplanlagde styremøte og eit ekstraordinært styremøte. Styret har bl.a. vore involvert i; prosessen med å finna nye og eigna lokaler, drift og økonomistyring, og planar og utvikling.

#### **Personale:**

Kontoret har tre tilsette; dagleg leiar, lærlingekoordinator og kontor/prosjektstilling.

#### **Likestilling:**

Opplæringskontoret har ein medviten haldning til likestilling, og ynskjer å bidra til god kjønnsbalanse. Men for 2014, endar me opp med ei overvekt av kvinner, med 4 av 6 kvinnelege styrepraesentantar etter årsmøte, og berre kvinnelege tilsette.

I den grad me kan påverka dette, vil me arbeida for ein betre kjønnsbalanse.

#### **Arbeidsmiljø:**

Opplæringskontoret fører oversikt over sjukefråvær i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter. Og har i 2014 hatt eit sjukefråvær på 2,9%. Det er ikkje registrert ulykker eller skadar i 2014.

Aktiviteten i opplæringskontoret har liten innverknad på det ytre miljøet. Me legg stor vekt på å overhalda gjeldande lovar og reglar på alle område.

#### **Lærlingar:**

Opplæringskontoret for Nordhordland hadde registrert 158 lærlingar ved utgangen av 2014. Det vart tatt inn 51 nye lærlingar i løpet av året, og 41 lærlingar har fått fagbrevet i løpet av året. Av desse har; 12 oppnådd fagbrev med resultat Bestått Mykje Godt og 29 med Bestått.

### **Prosjekt:**

Prosjektet; Saman om fagopplæring, starta i 2013 og skal halda fram ut 2015.

Prosjektet har som mål å få fleire fagarbeidarar i Nordhordland. Noko me vil oppnå ved å:

- auka talet på læreplassar. Resultat så langt er ein auke på 30 læreplassar
- auka talet på medlemsbedrifter. Resultat så langt er 15 nye medlemsbedrifter
- Praksiskandidatar. Me har registrert 24 nye fagarbeidarar gjennom praksiskandidatordninga. 73 personar er registrert og har fått rettleiing om korleis dei kan bli fagarbeidarar (teori og praksis).

### **Eigne arrangement:**

- **31.01.2014: Svennegilde m. fagbrevutdeling**

Markeringa vart halde på Alver Hotell. 29 nyutdanna fagarbeidarar vart invitert til å motta fagbrevet. Representantar frå bedriftene vart sjølvsagt også invitert, og arrangementet vart avvikla med stil, og dei nyutdanna fagarbeidarane vart gjort stas på.

- **19.02.2014: Lærlingekonkurranse i Sveisefag**

Opplæringskontoret var medarrangør i den lokale sveisekonkurransen for lærlingar. Der seks deltakarar konkurrerte om å bli årets fagarbeidar i Sveisefaget.

- **08.04.2014: Årsmøte**

Årsmøtet vart halde på kantina i kommunehuset i Lindås kommune. Med 8 deltakarar til stades. Årsmøte tok for seg ordinære årsmøtesaker.

- **13.05.2014: Fagsamling i røyrleggjarfaget**

Me inviterte faglege og daglege leiarar i røyrleggjarbedriftene, til samling for å drøfta felles opplegg for å få til eit godt tilbod for teoriopplæring for lærlingane i dette faget. Me hadde ein konstruktiv dialog, der me fekk gode framlegg til løysingar frå bedriftene. Som eit resultat av samlinga har lærlingane fått tilbod om å ta fullverdig ADK-kurs i læretida.

- **07.10.2014: Introduksjonssamling for nye lærlingar**

Me inviterer årleg alle nye lærlingar til introduksjonssamling, der me tar for oss fylgjande tema; Generell informasjon, ansvarsfordeling, rettar, plikter og bruk av lærepermen  
Arrangementet vart halde på Knarvik vidaregåande skule, med 19 frammøtte lærlingar.

- **21.11.14: Fagsamling for TAF-bedriftene**

Arrangert for å utveksla erfaringar og finna fram til meir samordna praksis.

- **25.-26.11.2014: Yrkes og Utdanningsmesse i Nordhordland**

Opplæringskontoret var også i 2014 medarrangør på Yrkes- og utdanningsmessa som tradisjonen tru vart halde i Nordhordlandshallen.

Me hadde også ein felles annonse i utdanningsavisa (bilag i Strilen), som vart gitt ut i tilknytning til utdanningsmessa.

### **Andre oppgåver:**

- Me har vitja medlemsbedriftene våre ein eller fleire gongar.
- Gjennomført om lag 300 oppfølgingsmøte med lærlingar
- Ordna med formelle godkjenningar (godkjenning av bedrifter, lærekontrakter, oppmeldingar , endringar osv.)
- Bestilt teori og ordna med aktuelle oppmeldingar til teori-eksamen
- Rettleia 73 praksiskandidatar



- Vitja potensielle medlemsbedrifter og orientert om Opplæringskontoret
- Vore rundt i vg1 og vg2 klassar og orientert om lærlingeordninga.
- Synleggjort Opplæringskontoret, og våre medlemsbedrifter, gjennom annonsar og redaksjonell omtale. Me har totalt hatt 8 oppslag med redaksjonell omtale og to annonsekampanjar; med ledige lære plassar i februar 2014 og synleggjering av opplæringsbedriftene i utdanningsavisa i november 2014.

**KNARVIK 10.02.2014**



**NILS ARNE TRÆLAND**

Styreleiar



**SILJE NILSEN**

styremedlem




**KONRAD RISNES**

nestleiar



**BENTE KLEIVEN**

styremedlem



**KJERSTI HAUGLAND**

styremedlem



**MAYEVA SANDVIK**

styremedlem



**LILLIAN V. MONGSTAD**

dagleg leiar